



Marit Mannsåker
Bygda 7
5750 ODDA

Dato: 24.11.2014
Vår ref.: 2014/17092-9
Saksbehandlar: sigaard
Dykkar ref.:

Melding om val som varamedlem til fylkestinget 2011 -2015 – Nytt valoppgjer

Vi varslar deg med dette om at fylkesvalstyret føretok nytt valoppgjer 30.10.2014 og kåra deg som varamedlem for Sosialistisk Venstreparti i fylkestinget. Funksjonstida er resten av valperioden 2011-2015.

I brev 11.04.11 vart du gitt høve til å krevja fritak frå val til fylkestinget etter vallova § 3-4 som gir rett til fritak. Det vart i brevet sett ein frist til 27.04.2011 med å krevja fritak.

Dersom du meiner at du likevel har rett til å krevja fritak fordi ein fritaksgrunn etter § 3-4 har oppstått etter valet, må du innan tre dagar etter at du har teke imot denne meldinga, senda skriftleg melding til fylkesvalstyret. Dersom slik melding ikkje blir send i rett tid, blir valet rekna som motteke.

Vallova § 3-4 og § 11-11 lyd som følgjer:

§ 3-4. Rett til å kreve fritak fra fylkestingsvalg og kommunestyrevalg

- (1) Rett til å kreve seg fritatt fra valg til fylkesting og kommunestyre har den som avgir skriftlig erklæring om at vedkommende ikke ønsker å stille til valg på den aktuelle valglisten.
- (2) Kandidater som er satt opp på listeforslag må søke om fritak innen den frist fylkesvalgstyret eller valgstyret setter, ellers tapes retten til å strykes fra listeforslaget. Den som har fritaksgrunn, men som unnlater å påberope seg retten til fritak fra å stå på liste, kan ikke påberope seg dette forhold som fritaksgrunn etter å ha blitt valgt.
- (3) En valgt representant eller vararepresentant som ikke plikter å motta valget, må sende skriftlig melding om valget mottas eller ikke, innen tre dager etter å ha mottatt melding om valget. Ellers anses valget mottatt.

§ 11-11. Underretning til de valgte fylkestingsrepresentantene

Fylkesvalgstyret skal underrette de valgte representantene og vararepresentantene om valget og opplyse om retten til å søke om fritak fra valg

Adressa til fylkesvalstyret er:

Hordaland fylkeskommune, Fylkesvalstyret, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Sigrid H Aardal
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.